

## Legging av leidningane i sjøen i gang

28.04.2010




Det blir no grave ein eigen kanal for passeringa av sundet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein ny fase i kloakkprosjektet i Uskedalen er no i gang.**

Firmaet Rør-Dykk i Os starta i dag leggjinga av sjøleidningar. Det er ein omfattande operasjon som kjem til å vara i fleire månader.

Men Geir Askvik i Rør-Dykk håpar at det meste vill vera gjort til ferien.



Andre Stene i Rør-Dykk med røyra som blir nytta. Det største blir nytta for passeringa av Flatholm-vegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rør-Dykk har 5 tilsette og firmaet har spesialisert seg på slike operasjonar som dette. Prosjektet i Uskedalen er ikkje spesielt stort samanlikna med andre som firmaet har hatt. Men kloakken skal førast i sjøen på strekninga frå Uskedalen Brygge til Steinsletten.

Den første del av jobben, som no pågår, er passeringa av vegen til Flatholm. Byggjeleiar Ivar Kåre Døssland i kommunen opplyser til uskedalen.no at dei opprinneleg tok sikte på å leggja kloakkrøyet i det opne løpet gjennom sundet, Men etter ynskje frå grunneigarane blir det no teke opp ein ny passasje gjennom vegen - på Flatholm-sida.

Sjølve passeringa vil skje gjennom eit røyr av større dimensjon enn det som ellers vil bli lagt gjennom sjøen. Jobben med røyrpasseringa vil berre ta nokre få timar, opplyser Askvik.

Det heiter i igangsettjingsløyvet at leidningar i sjø som ligg grunnare enn 2 meter må gravast eller spylast ned slik at leidning og lodd ikkje vert til hinder for båttrafikken.

Av Ola Matti Mathisen